

Uttale frå foreldregruppa i klasse 6b

Ved Rimbareid barne og ungdomskule

V/ klassekontakt Lillian Kongestøl Vik

Fitjar kommune

Postboks 83

5418 Fitjar

Fitjar , 05.12.2017

Me er bekymra for kva budsjettforslaget der ein vil flytte ned 7. klassen frå hausten 2018 vil ha å seie for klassemiljøet og vidare utvikling for 6b.

Kullet 6. trinn er eit spesielt trinn, me har mange elevar med ulike utfordringar som treng spesielt tilrettelagt undervisning. Kontaktlærar har lagt ned ein kjempejobb for klasse miljøet.

Konsekvensane me er redde for er

- **Arbeidssituasjonen for dei tilsette.** Me veit at belastninga har vore stor. Det er mange elevar som treng tett oppfølging, samt tett samarbeid med heimen.
- **Mange av elevane er sårbare for endringar.** Klassen har allereie hatt ein del endringar med nye elevar der av elevar med spesielle behov. Det er sett inn ekstra ressursar i form av to ekstra kontaktlærarar ein i kvar klasse på trinnet. Dette fører til nye faglærarar, ny timeplan, og halve gruppa får ny kontaktlærar. Me veit at desse endingane er heilt naudsynte, men dei fører og med seg endringar som gruppa kjem til å bruke tid til slå seg til ro med. Det er viktig at klassen no får ro slik at dei nye tiltaka skal få ønska effekt. Skal ein allereie etter eit halv år snu opp ned på klassen igjen, er me redd for at dette vil gje negative konsekvensar. Berre eit år etterpå skal dei på ungdomskulen, og ein får igjen nye klasser, nye lærarar og ny timeplan. Me ber om at klassen no får ro, slik at undervisningssituasjonen for både tilsette og

eleva skal verta tilfredsstillande. Me ser at endringar i gruppa gjer at det tar lang tid før ein har ro og kontinuitet i arbeidet.

- **Klasseromstorleiken.** Klasse 6 b har allereie eit klasserom som er for lite til gruppa, og det er fysisk ikkje plass til fleire elever i rommet.

Me ber om at innlegget vårt vert teke omsyn til ved formannskapsamling 06.desember, høyring av budsjettforslag 18.desember og kommunestyremøte 20. desember.

Venleg helsing Lillian Kongestøl Vik – klassekontakt for klasse 6b v/Rimbareid skule